

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 190/2024

2024/EØS/92/09

av 23. september 2024

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1068 av 12. april 2024 om godkjenning av eit preparat av rosmarinekstrakt som tilsetjingsstoff i fôr til kattar og hundar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1070 av 12. april 2024 om fornya godkjenning av eit preparat av 25-hydroksykolekalsiferol framstilt av *Saccharomyces cerevisiae* CBS 146008 til slaktekyllingar, slaktekalkunar, anna fjørfe og svin, om godkjenning av preparatet for drøvtyggjarar og om oppheving av kommisjonsforordning (EF) nr. 887/2009⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1104 av 17. april 2024 om godkjenning av eit preparat av *Lactiplantibacillus plantarum* DSM 11520 som tilsetjingsstoff i fôr til hestar, hundar, kattar og kaninar⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Gjennomføringsforordning (EU) 2024/1070 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 887/2009⁽⁴⁾, som er teken inn i EØS-avtala og følgeleg skal opphevast i EØS-avtala.
- 5) Denne avgjerda gjeld føresegner om forvarer. Føresegner om forvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 6) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 576 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1058) skal nye nummer lyde:

”577. **32024 R 1068:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1068 av 12. april 2024 om godkjenning av eit preparat av rosmarinekstrakt som tilsetjingsstoff i fôr til kattar og hundar (EUT L, 2024/1068, 15.4.2024).

578. **32024 R 1070:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1070 av 12. april 2024 om fornya godkjenning av eit preparat av 25-hydroksykolekalsiferol framstilt av *Saccharomyces cerevisiae* CBS 146008 til slaktekyllingar, slaktekalkunar, anna fjørfe og svin, om godkjenning av preparatet for drøvtyggjarar og om oppheving av kommisjonsforordning (EF) nr. 887/2009 (EUT L, 2024/1070, 15.4.2024).

⁽¹⁾ TEU L, 2024/1068, 15.4.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/1068/oj.

⁽²⁾ TEU L, 2024/1070, 15.4.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/1070/oj.

⁽³⁾ TEU L, 2024/1104, 18.4.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/1104/oj.

⁽⁴⁾ TEU L 254 av 26.9.2009, s. 68.

579. **32024 R 1104:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1104 av 17. april 2024 om godkjenning av eit preparat av *Lactiplantibacillus plantarum* DSM 11520 som tilsetjingsstoff i fôr til hestar, hundar, kattar og kaninar (EUT L, 2024/1104, 18.4.2024).”

2. Teksta i nr. 1zzzzzi (kommisjonsforordning (EF) nr. 887/2009) og første strekpunktet (kommisjonsforordning (EF) nr. 887/2009) i nr. 1zzy (kommisjonsforordning (EF) nr. 1443/2006) opphevast.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2024/1068, (EU) 2024/1070 og (EU) 2024/1104 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. september 2024, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 23. september 2024.

For EØS-komiteen

Anders H. Eide

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.